



DEN NORSKE KYRKJA
BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

INNKALLING

Møte: 5-2023
Møtedato: Onsdag 29.11.2023
Møtestad: Rådhuset
Tid: 17.00

Denne innkallinga gjeld berre til faste medlem i fellesrådet. Dersom det er forfall til møte, vil varamedlem bli kontakta.

Forfall bør snarast meldast til kyrkjeverja på telefon 400 85 045

Vi ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melde frå om dette på førehand.

SAKSLISTE:

2023-05-01 KONSTITUERING
2023-05-02 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
2023-05-03 KURS FOR NYE FELLESRÅD
2023-05-04 MØTEPLAN 2023 – 2024

Bremnes den 20. november 2023

leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Fellesrådet	29.11.2023		2023-05-01

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2023-05-01 KONSTITUERING AV NYTT FELLESRÅD FOR PERIODEN 2023-2027

Dokument i saka

Val

Kyrkjeleg fellesråd skal konstituera seg med val av leiar og nestleiar. Kyrkjeverje er sekretær.

Det skal veljast leiar og nestleiar mellom dei faste medlemmene for eitt år av gangen. Valet er skriftleg.

Andre val

• Administrasjonsutval

Administrasjonsutval (ADMU): Dette utvalet er regulert i KL§35, men HA §10 omhandlar samansetjinga av utvalet. Dette er eit partsamansett utval som handsamar personalsaker. Dette inkluderer tilsetjingar for alle kyrkjelege stillingane, med unnatak av kyrkjeverje. ADMU har fem medlem; tre frå arbeidsgjevarsida og to frå arbeidstakarane. Leier i fellesrådet skal ha fast plass i ADMU. I tillegg skal det veljast to andre faste medlem og tre varamedlem frå fellesrådet. ADMU vert kalla saman ved behov.

Faste medlem denne rådsperioden har vore John Olav Habbestad, Kjersti Mæland og Elisabeth Bjørnevik.

Det skal veljast to faste og tre varamedlem i ADMU

• Arbeidsmiljøutval

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er regulert i Arbeidsmiljølova §24 og i HA§11.

Etter vedtak i AMU 19.09.2011 vart det fatta slikt vedtak:

AMU gjorde slikt samrøystes vedtak:

AMU vedtar at det skal vera minimum to årlege møter i utvalet for å oppretthalda fokus på dei viktige oppgåvene som utvalet har.

Frå 1.1.2012 skal AMU ha fire faste medlem, To medlem vert valde frå arbeidstakersida, der den eine skal vera verneombod. På arbeidsgjevarsida skal det vera eit medlem i tillegg til kyrkjeverje.

Bedriftshelsetenesta og personalansvarleg på kyrjekontoret vert innkalla utan røysterett.

I sist rådsperioden har Elisabeth Bjørnevik vore fast medlem og Elin Taranger vara.

Det skal veljast eit fast medlem og eit varamedlem til AMU

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Fellesrådet	29.11.2023		2023-05-03

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2023-05-03 KURS FOR NYE FELLESRÅD

Dokument i saka

INFO:

Bømlo kyrkjelege fellesråd er medlem i Kirkelig arbeidstaker- og interesseorganisasjon – til vanleg forkorta KA. KA ivaretar fellesrådet i alle kyrkjelege saker.

KA si heimeside finn du på www.ka.no. Leiar og nestleiar får vidaresendt nytt frå KA kvar veke, dersom dei ynskjer det.

Elles har Kyrkja på Bømlo eiga heimeside: www.bomlo.kyrkja.no. Bli kjend med den gode heimesida vår dersom du ikkje er det allereie.

OPPLÆRING AV NYE FELLESRÅD

Grunnkurs for nye fellesråd:

29. januar 2024 i Aksdal kyrkje (350 per pers)

eller

30. januar 2024 i Bergen, Scandic City (575,- per pers)

Kurset starar med middag kl. 16.00. Kursstart kl. 17.00

Om kurset på KA sine heimesider:

Medlemmer i kirkelig fellesråd har mye ansvar og store muligheter. Hovedorganisasjonen KA tilbyr et introduksjonskurs for medlemmer i kirkelig fellesråd og menighetsråd i ettsoknskommuner. Formålet med kurset er å gi større trygghet og motivasjon for rollen som rådsmedlem, og oversikt over ansvar og oppgaver som er lagt til et kirkelig fellesråd.

På kurset gjennomgår vi fellesrådets styrings- og forvaltningsansvar som rådet ivaretar på vegne av soknene i Den norske kirke. Kjerneoppgavene innen økonomi, arbeidsgiveransvar, kirkebygg og gravplass får særlig oppmerksomhet. Kurset skal gi innsikt i fellesrådets rolle i Den norske kirke og hvordan fellesrådet kan bidra til godt samspill med menighetsrådene og andre instanser i kirken. Vi ser også nærmere på fellesrådets samarbeid med kommunen og andre aktører i lokalsamfunnet.

Kursinnholdet er utviklet av KA i samarbeid med Kirkerådet. En representant for bispedømmekontoret vil delta på kurset sammen med kursleder fra KA.

Målgruppe:

- Medlemmer av kirkelig fellesråd (inkl. medlemmer av menighetsråd i ettsoknskommuner) - både de som er valgt for første gang og de som har vært medlemmer tidligere.
- Kommunens representant i kirkelig fellesråd
- Prost/prest som er utpekt som medlem i kirkelig fellesråd
- Kirkeverger og andre med lederstilling i kirkelig fellesråd

Innhold:

- Fellesrådets rolle som fellesorgan for soknene i kommunen.
Arbeidsgiveransvar, personalpolitikk og ansvaret for arbeidsmiljøet
Rådets forhold til daglig leder/kirkeverge og øvrige tilsatte
Medbestemmelse og KA som tariffpart
- Fellesrådets ansvar i forholdet til menighetsrådet og prestedtjenesten
- Økonomi – ressursfordeling og planarbeid
Kirkens tilskuddskilder (kommune og bispedømmeråd) og kostnadsdrivere
Årshjul; budsjett- og planarbeid, regnskap
- Ansvaret for kirkebygg og andre eiendommer
- Gravplassmyndighet for alle i kommunen
- Fellesrådets arbeid og utfordringsbildet for Den norske kirke

Målsettinger:

- Kunnskap om kirkelig fellesråds ansvar og oppgaver
- Forståelse av fellesrådets samhandling med menighetsråd, prestedtjenesten og resten av Den norske kirke
- Trygghet i rollen som rådsmedlem
- Kjennskap til KA, Kirkerådets Ressursbank og andre ressurser for rådets arbeid

Kurset er aktuelt både for fellesråd med et sogn og for de med flere.

Kursmateriale

Deltakerne vil få utdelt et kurshefte.



Kurset er i samarbeid
med KA og kirkevergene i regionen



BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Fellesrådet	29.11.2023		2023-05-04

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2023-05-04 MØTEPLAN VÅREN 2024

Kyrkjeverje vil gjera framlegg om desse møtedagane våren 2024:

13. desember – dersom ynskjeleg med informasjon frå kyrkjeverje på historiske og pågåande saker.

24. januar

29. januar – Kurs i Aksdal kl. 16.00

20. mars

29. mai

Onsdag har vore fast møtedag, men både møtetidspunkt og datoar vel rådet sjølv.
Forslag om fast møtetidspunkt kl. 16.00, med mat.